

Nærmiljøanlegg ved Frøyland skule

“Storjungel”

Som dei fleste uteområde ved skulane er også området ved Frøyland skule dominert av små og store flater som høver for ulike former for ballspel. I tillegg paradisi, sklie, sandkasser og disser. Dette gir nokså avgrensa høve til utfolding. Det blir fort kjedeleg for dei litt større barna som ikkje er noko særleg interessert i ballspel, spesielt for gutane når dei blir 10-11 år gamle. Og barn som kjeder seg kan fort finne på aktivitetar som ikkje er så bra, f.eks. mobbing, hærverk o.l.

Foreldreutvalet ved skulen vil gjerne få gjort uteområdet meir interessant for aktivitet, spesielt for dei som kjeder seg i dag. Det området vi bygger ut i dag vil også gje grunnlag for god aktivitet utanom skuletida.

I 1999 vart det etter ynskje frå elevane ved barneskulen starta arbeid på ei “Tarzan”-løype i skogen sør for grusbane ved gymnastikksalen. I 2001 fekk vi spelemidlar til ei full utbygging av denne hinderløypa. Løypa er nå nesten ferdig og er alt blitt svært populær, både i og utanom skuletida (bilete vedlagt).

Vi vil gjerne fortsette med utviklinga av dette området med ein “Storjungel” etter mønster av det som er bygd på Trones i Sandnes. Ved Trones skule er det like mange barn i “jungelen” som det er barn som driv ballspel i friminutta, noko som viser at eit slikt anlegg fyller eit stort behov.

For di det ikkje er så mange elevar ved Frøyland skule, og fordi vi har “Tarzan”løypa, er det ikkje nødvendig med like stor “jungel” som på Trones. Vi vil difor bygge ein “jungel” som er omlag halvparten så stor. Dette vil utfylle hinderløypa på ein svært god måte og gjere området til eit skikkeleg “Tarzan”anlegg. Dette vil gjere at barna får eit område som gir mulighet for svært variert aktivitet der dei kan henge, slenge, balansere og klatre. Dagens barn og unge har stort sett alt for liten fysisk aktivitet. Dette anlegget vil gje gode utfordringar til barn på mange nivå og gje godt grunnlag for utvikling av styrke, spenst og koordineringsevne.

Kostnadsoverslag

	Material	Arbeid		Mva	Total	
	Kjøp	Kjøp	Dugnad			Sum kjøp
Graving og bortkjøring av masse		5000	35000	5000	1200	41200
Drenering	4000		5000	4000	960	9960
Master, overligger, tau og beslag	85000			85000	20400	105400
Fundamentering og oppsetting		5000	25000	5000	1200	31200
Fallunderlag, masser v/ dekktrapper, duk	30000		15000	30000	7200	52200
Dekk inkl. arbeid med montering og legging	30000		80000	30000	7200	117200
Gjerde mot nabo 40m	10000		30000	10000	2400	42400
Prosjektering og dokumentasjon		15000	25000	15000	3600	43600
			215000	184000	44160	433160



Storjungle ved Trones Skule



Hinderløype ved Frøyland skule